

**FURUHAUGEN BURETTSLAG, NORDGARDSHAUGEN, GNR 23, BNR 389 I  
MELAND KOMMUNE**

Referat frå styremøte.

Det vart halde styremøte i burettslaget den 14.06.2019 i bustaden til Elna og Roald Bjørndal.

Desse møtte: Johannes H. Fosse og Roald Bjørndal. Anny Johannesen møtte som varamann til styret.

**Sak 4 Utskiifting av vassleidningsrøyr i bustaden Nordgardshaugen 11F**

I samband med opprusting av badet i bustaden, er også vassleidningsrøyra (kobbarrøyra) som låg i gulvet skifta ut til rør i rør opplegg for badet og kjøken (RIR) system. Kostnadene med slik utskifting av røyropplegg bør normalt burettslaget ta.

Det ligg føre kostnadsoppsett frå byggmester Knut Henanger på kr. 38.200.- for overnemnde arbeid.

**Vedtak:** Styret godkjenner at det vert gjeve tilskot med kr. 25.000.- til utskifting av vassrøyr i bustaden Nordgardshaugen 11 F, i samsvar med tidlegare vedtak for bustaden Nordgardshaugen 9 A.

Roald Bjørndal tok ikkje del ved handsaming av denne saka.

**Sak 5 Vedlikehaldsarbeid, skifting av kledning på boder.**

Det viser seg at kledningen på uteboder er begynt å verta dårleg, råteskader m.v. Uteboden for bustadene 11 D,E,og F ser ut for å vera boden med mest skader.

Av omsyn til økonomien i burettslaget bør utskifting av kledning på bodene takas i etapper.

**Vedtak:** Styret godkjenner at styreleiar innhentar pristilbod på skifting av kledning på uteboden for bustadene 11 D,E og F

Johannes H. Fosse , Ref.



MELAND KOMMUNE

20 JUNI 2019

Jnr. \_\_\_\_\_ Saksh. \_\_\_\_\_  
Ark. \_\_\_\_\_ Ark.del \_\_\_\_\_  
Saksid. \_\_\_\_\_

